



KLAR - FERDIG - GÅ. Det var mange ivrige unge løparar i årets SPAR løp.

Det femte SPAR løpet vart gjennomført raskt og effektivt i dag. Start og mål var ved Sandakaien. 60 påmeldte deltakere er eit lågare tal enn det som er vanleg, men fotballcup på Halsnøy og det varme og fine været har sikkert noko å sei for påmeldinga. Ikkje uventa vann Kari Bråtun(UIL) klassen kvinner med tida 12 min 12 sek. Benjamin Hus Ripel (RTL) vann klassen menn med tida 10 min. 44 sek.



Vinnarane i klassen jenter.

Det var 7 heat i årets SPAR løp. Dei yngste deltakarane var inndelte i klassar etter alder. Løypa var på 350 meter. Klassane 10 - 14 år sprang 750 meter, 15 - 19 år sprang 1,5 km og Junior/Senior sprang vel 3 km. Alle fekk premiepose, is og sjokomelk/brus frå Spar. I tillegg fekk dei tre beste i klassane 11 år og oppover gull-, sølv- og bronsemedaljar. Alle dei andre fekk deltakarmedalje.

Det var totalt god deltaking frå Uskedal idrettslag. Det verkar som løp og friidrett har aukande interesse i Uskedalen. Butikken SPAR er sponsor og støttar opp om dette løpet. Uskedal Idrettslag er teknisk arrangør.



Gutar 11: F.v: Petter Myklbust, Amund Hella Berge-Soldal, Sonde Saghaug Kjerpeset.

Kristian Øvstebø var ikkje deltakar i dag. Han er i Bergen og spring motbakkerløp. Deltakinga vart mykje godt frå Kvinnherad, bortsett frå 3 deltakarar påmelde frå Norna- Salhus i Bergen.

Dei som vil lesa den nøyaktige lista, kan gå inn på Uskedal idrettslag i heimeside.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal



To kvinner i klassen 55 - 59 tevla til sist innspurt: Nr. 1:Kjersti Bråtun Nr. 2: Karin Tungesvik